

## MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Plannamn: <b>Detaljregulering for Ølve industribase – 12/167 med fleire. Kvinnherad kommune</b>	PlanID: 20240004
Dato: 26.03.2026	Merknader knytt til: Varsel om oppstart, høyringsperiode 24.05.2025 – 10.06.2025 Offentleg ettersyn av planprogram, høyringsperiode 24.05.2025 – 10.06.2025
ABO plan & arkitektur har nyleg inngått samarbeid med Nordplan, og endra namn til Nordplan Stord AS (orgnr. er det same som før)	

### Offentleg mynde

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
<b>Fiskeridirektoratet, 22.05.2025</b>	<p>Uttalen viser til generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur.</p> <p>Med omsyn til kjente registreringar visar uttalen til at det på andre sida av fjorden er registrert ein låssettingsplass. Informasjon frå siste revisjon viser at plassen er ein mindre viktig låssettingsplass som vert berre sporadisk brukt. Lengre ute i Ølvesvika er det registrert eit oppvekstområde for pigghå, fiskeområde med fiske etter sild og brisling med aktive reiskap, samt gyteområdet for torsk og gytefelt for torsk av lokal verdi. Sporingdata viser at det lite fiske inst i Ølvesvika. Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at tiltaka som det vert planlagd for kjem i vesentleg konflikt med deira interesser i området.</p> <p>Uttalen viser til omtala utslepp frå landbasert oppdrett vil gå i leidning til ytre del av Ølvesvika. Fiskeridirektoratet skriv at ei slik leidning må leggjast ut slik at den følgjer botnet og utan nødvendige heng, og at den må festast med lodd som ikkje fiskereiskap hektar seg opp i.</p> <p>Fiskeridirektoratet er nøgd med at det skal gjennomførast konsekvensutgreiing av verknad for fiskeriinteresser og marint naturmangfald i sjø.</p>	<p>Merknaden er teke til orientering.</p> <p>Det er ikkje behov for endring av planprogrammet. Forholdet til fiskeriinteresser og marint naturmangfald skal konsekvensutgreiast. Innspel om føringar for utsleppsleidning skal takast inn i føresegnene.</p>
<b>Mattilsynet 03.06.2025</b>	<p>Mattilsynet har forventingar til at planen omtalar omsyn til drikkevasskjelder, vassforsyning, avløps- og overvasshandtering, plantehelse og gir følgande innspel til oppstartsvarselet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mattilsynet peiker på at vassforsyningsikkerheit må dokumenterast og det må sikrast fullstendig separasjon mellom produksjonsvatn til oppdrett og drikkevassforsyning for å unngå kryssforeining. Det er viktig at oppdaterte kart over leidningsnett og aktuelle sårbarheiter ved</li> </ul>	<p>Merknaden er teke til orientering.</p> <p>Planprogrammet viser til at det vil verta planlagt for kommunalt drikkevatt produksjonsvatn (inntak og utslepp) vil ikkje gå inn på kommunale anlegg, og at det skal lagast VAO-rammeplan i planarbeidet. I rammeplanen vil forhold til vassforsynings-</p>

	<p>distribusjonssystemet er skildra og vurdert i planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dersom planane inneber flytting av jordmassar, må det vurderast om dette inneber fare for spreining av planteskadegjerarar og ev. innføre tiltak som hindrar spreining. Faren for å spreia planteskadegjerarar og ugras er størst frå dyrka mark. I sjeldnare tilfelle kan det førekomma alvorlege planteskadegjerarar på gjengrodde areal, i skog og i private hagar. Kommunar, entreprenørar og andre ansvarlege for anleggsarbeid og flytting av jord, må i planleggingsfasen gjera ei vurdering av om aktiviteten kan innebera fare for å spreia nærare spesifiserte planteskadegjerarar og ugraset floghavre. Dei ansvarlege må gjera denne vurderinga før oppstart av arbeidet med å grava, transportera, deponera og tilføra jord til nye område.</li> </ul>	<p>sikkerheit skildrast. Det er ikkje behov for endring av planprogrammet.</p> <p>Forhold til spreining av planteskadegjerarar vil verta omtala i ROS-analysen, og det skal utarbeidast massehandteringsplan. Det er ein mindre del av planarbeidet som er dyrka mark og hagar. Ein vil vurdere behov for å sette føringar i føresegnene om handtering av massar og forholdet til planteskadegjerarar. Det er ikkje behov for endring av planprogrammet.</p>
<p><b>Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)</b> <b>06.06.2025</b></p>	<p>DMF tilrår at ein utarbeider ein plan for handtering av massar som ein del av planarbeidet. Ein slik plan bør ha ei masseberekning med oversikt over volum og type massar, samt ei vurdering av massane sine kvalitetar og planlagd bruksområde for massane. Den bør også gjere greie for massebehovet i prosjektet, kva tid i prosjektet massar må handterast og om det er behov for mellomagring og prosessering av massane. Dersom det er behov for areal til mellomagring og massehandtering bør dette kome fram av plankartet.</p> <p>DMF minner om at alle masseuttak i utgangspunktet er omfatta av minerallova, og det er den som er ansvarleg for uttak er ansvarleg for å avklare forholdet til minerallova. Dersom det er tvil om uttaket vil vera omfatta av minerallova kan tiltakshavar ta kontakt med DMF for avklaring.</p>	<p>Merknaden er teke til orientering.</p> <p>Planprogrammet viser til at massehandtering vil verta utgreidd som del av planarbeidet. Forhold til mellomagring og handtering av massar skal vurderast i dette arbeidet. Masseuttaket vil vera for å klargjere areala for næringsverksemd og ein vil i størst mogleg grad søke å nytte massane internt på næringsområda. Utover det vil masseoverskot verta frakta ut av området og nyttast til samfunnsnyttige tiltak, med føresetnad om at dette er godkjente tiltak.</p>
<p><b>Kystverket</b> <b>06.06.2025</b></p>	<p>Kystverket har faglege råd som dei ber om at det blir teke omsyn til i planarbeidet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Planarbeidet med konsekvensutgreiing må vise verknad av planen med omsyn til tryggleiken og framkoma for sjøtrafikken og allmenn ferdsel i farvatnet.</li> <li>Dimensjonerande fartøy som skal nytte industrihamna må avklarast.</li> <li>Plangrense for hamneområde i sjø bør utvidast og omfatte naudsynt manøvreringsområde etter dimensjonerande fartøy. Hamneområde bør ha arealformål <i>hamn</i> og <i>hamneområde i sjø</i> med tilhøyrande føresegner.</li> <li>Om det vert planlagt for nattseglas må navigasjonsretteleinga i området utbetrast.</li> </ol> <p>Kystverket har spelt inn tema som må skildrast og vurderast i det vidare planarbeidet for å kunne vurdere verknad for tryggleiken og framkoma for</p>	<p>Merknaden er teke til orientering og dels til følge.</p> <p>Planprogrammet er oppdatert kap. 7.6 om kva KU skal avklare, dimensjonerande fartøy og om det er nødvendig med endring/oppgradering av navigasjonsinnrettingar. Ein vil ikkje utvide planområdet då det er pågåande planarbeid sørvest for planområdet, men planarbeidet skal omtale forhold til behov for manøvreringsareal.</p> <p>Planprogrammet kapittel 7.6 og 7.9 er oppdatert med opplysningar og forhold til</p>

ferdsla i farvatnet.

- Bilei nr. 2193 «Ølve» går inn Ølvesvika, og skissert planområde kjem inn i areal til farleia. Dei peiker også på planlagt småbåthamn på sørsida av Hyttevågen, som vil redusere areal til innsegling og manøvrering for industrihamna. Farvatnet inn til planområdet er smalt med fleire grunner midt i leia og nært næringsområdet. Kystverket peiker på at sjøområdet aust for industriområdet er lite egna for manøvrering med snuoperasjonar av større fartøy. Det har vore lite sjøtransport inn til Ølve industribase dei siste åra og det er mest fritidsfartøy som nyttar farvatnet i dag. Då det var aktivitet på gnr. 12/62 vart det tatt inn fartøy med omlag 100 meters lengde. Fartøya som hadde manøvreringskapasitet, og djupgang tilpassa sjøområdet, snudde i hovudsak sør for eksisterande kai, alternativt bakka fartøya seg ut til Ølvesvika sør av Storholmen.

Eit viktig grunnlag for å vurdere tilstrekkeleg areal til ferdsel og manøvrering er avklaring av dimensjonerande fartøy. Manøvreringsarealet til fartøya må planleggast ut frå storleik og eigenskap på dimensjonerande fartøy, og hovudregelen for å avklare naudsynt manøvreringsareal er å sette av areal/sirkel med minimum diameter på 2 x lengda av dimensjonerande fartøy. Kystverket meiner at plangrensa for hamneområde i sjø bør utvidast og omfatte naudsynt manøvreringsområde etter dimensjonerande fartøy, og at hamneområde bør ha arealformål *hamn* og *hamneområde i sjø* med tilhøyrande føresegner.

Planomtalen må ta omsyn til kva fartøy som skal anløpe til kva for ein kai i industrihamna. Manøvreringsarealet bør holdast fri for kablar, vassleidningar, avløpsleidningar og fastståande fiskereiskap. Brønnebåtar, arbeidsbåtar ol. har som regel gode manøvreringseigenskapar, men innsegling og manøvrering ved Ølve industribase vil likevel vera utfordrande pga. djupna i leia.

- Kystverket informerer om at navigasjonsrettleiinga i området består av jernstenger og er ikkje tilfredsstillande for nattseglas. Farvatnet er ureint og krev ei oppgradering av dagens navigasjonsrettleiing ved seglas i mørket. Ei evt. nymerking av farleia vil dimensjonerast etter sjøtrafikken til industrihamna og ikkje etter den allmenne ferdsla i sjøområdet. Tiltakshavar må ta ei stor del av kostnaden ved etablering av tilfredsstillande navigasjonsrettleiing til industrihamna. Føresegna bør omfatte «vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar er tillate, jf. PBL § 1-8 fjerde ledd og § 11-11 nr. 4.». Eit alternativ for å trygge

Kystverket viser til i sin uttale. Detaljopplysningar vil verta nytta som kunnskapsgrunnlag i vidare planarbeid.

	<p>sjøtrafikken inn til industrihamn er utdjuping. Utdjupinga ligg ikkje inn i Kystverket si NTP portefølje og vil med sannsyn ikkje skje i Kystverkets regi.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- For effektiv hamneverksemd er arealtilgang, tilknyttinga til infrastruktur, kontinuitet og heilårsdrift avgjerande. God tilførselsveg til hamna og tilstrekkeleg areal for lasting, lossing og lagring må sikrast.</li> <li>- Hamnedrift kan føre til ulike typar støy gjennom døgnet som kan være en utfordring for nærliggande områder med støyfølsame bygg. Til dømes kan bustadområde i nærleik av hamn og næringsområde føre til konflikt pga. støy og lykt.</li> <li>- Klimaendringar og økt ekstremvær knytt til havnivåstigning, vind-, bølge-, og straumforhold kan påverke framtidig hamnedrift. Kommunen må gjennom sitt planarbeid sørge for at hamna får gode rammer for utvikling.</li> <li>- Utfylling i sjø av næringsområdet, samt småbåthamn vil redusere manøvreringsarealet til fartøya ved Ølve industribase. Risiko- og sårbarheit analysen bør inkludere grunnstøyt, samanstøyt mellom fartøy og bygningsmasse, samt ulykker til sjøs. Analysen bør også inkludere planlagde lyskjelder i hamna med tanke sjøtrafikken og naturfarar som havnivåstigning og stormflo og vurdere om hamna er rusta til å tole auking av ekstremvær.</li> </ul>	
<p><b>Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)</b> <b>10.06.2025</b></p>	<p>NVE sin uttale er ei generell uttale som viser til sine internettsider for arealplanlegging og rår til å bruke desse for å få fullstendig oversyn over korleis ein kan ta omsyn til deira tema i reguleringsplanen. Dei viser også til krav om at alle nye naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er pliktig å bli melde inn til NVE.</p>	<p>Teke til følgje. Rettleiing frå NVE skal nyttast i planarbeidet og fare for områdeskred av kvikkeleire skal gjennomførast som del av planarbeidet. Det er ikkje behov for endring av planprogrammet.</p>
<p><b>Statsforvaltaren i Vestland (SFVL)</b> <b>10.06.2025</b></p>	<p><u>Forhold til overordna plan</u> SFVL skriv at planforslaget må ta utgangspunkt i gjeldande kommuneplan (KPA), då forslag til ny plan ikkje er godkjent. SFVL føreset at det i ny KPA vert gjennomført grundige og nødvendige vurderingar av dei heilskapleg og langsiktig arealdisponeringane langs Ølvesvika og Hyttevågen. Når det er avklart på kommuneplannivå om dette er eigna stad for eit næringsområde av denne størrelse, så vil det vere meir føremålstenleg å leggje fram forslag til endra reguleringsplan som er i samsvar med overordna plan. SFVL viser til at private reguleringsplanforslag skal innhaldsmessig følgje opp hovudtrekk og rammer i KPA, og planforslag som ikkje er i samsvar med kommuneplanen er uheldig. Den samla verknaden av planen må komme godt fram saman med vurderinga av alternativ. Verknaden for områda langs heile</p>	<p>Teke til orientering og dels til følgje. Ein er samd i at planforslaget og KU skal ta utgangspunkt i gjeldande KPA. Arbeid med ny KPA er informasjon i planprogrammet, og eit signal på at Kvinnherad kommune ønskjer å ha næring i området. Det er difor i planprogrammet lagt fram 2 alternativ – ein i tråd med dagens kommuneplan og ein som avviker.</p>

Ølvesvika og Hyttevågen er viktig og må komme godt fram. Dette høyrer først og fremst heime i overordna plan. Dersom ein skal gå vidare med eit planarbeid som ikkje er i samsvar med overordna plan, må verknader av tiltaket for eit større område bli varetatt i reguleringsplanen.

#### Konsekvensutgreiing/vurderingstema

SFVL rår til å nytte M-1941 frå Miljødirektoratet i samband med utgreiingar.

SFVL viser til at det er støyfølsame bygg innanfor og i nærområdet til næringsområdet, mellom anna bustader. Eit industriområde må påreknast å ha støyande verksemd, slik at når ein regulerer for denne type verksemd, må støytilhøva vurderast av fagkunnige. Dette må inngå i konsekvensutgreiinga. Manglande eller mangelfull støyutgreiing vil kunne føre til statleg motsegn til planen.

Omsynet til barn og unge må varetakast i planen. Det er mellom anna ein bustad innanfor planområdet og fleire bustader i området rundt. Når det vert planlagt for areal der barn og unge skal ferdast må det mellom anna leggjast til rette for trygge vegar for barn og unge, inkl. skuleveg. I tillegg er støy eit relevant tema. SFVL skriv at verknader av planforslaget for barn og unge i planområdet og i nærområdet utanfor planområdet må synleggjerast, og omsynet til barn og unge må sikrast i planen.

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. SFVL føreset at også statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona lang sjø vert lagt til grunn for planarbeidet.

Ved regulering for utfylling av massar i sjø må det avklarast kva type massar som skal nyttast, konstruksjonsmetode, konkret arealavgrensing, omfang av areal i sjøområdet ( $m^2$ ) og mengde massar ( $m^3$ ). Tiltak som utfylling i sjø kan medfører miljølempjer som spreiding av miljøgifter, partiklar, slam og avfall og forstyrring eller fysiske skadar på naturverdiar. Dersom det er aktuelt med utfylling i sjøområdet må tiltakshavar sørge for nødvendig løyve til dette. Konsekvensutgreiinga må gjere greie for verknaden for naturmangfald, gyteområdet,

Teke til følgje. Rettleiaren skal nyttast for dei tema der det er relevant, sjå planprogrammet for detaljar.

Teke til følgje. Planprogrammet er oppdatert i tabell kap. 5.1 med at støy er KU-tema. I kap. 7.4 og 8.4 er støy omtala som ein av forholda som skal utgreiast for nærmiljø og planprogrammet er oppdatert med at støy skal utgreiast ihht. rettleiar M-1941.

Teke til orientering og følgje. Støy og transport på veg er KU-tema i planprogrammet. Ein ser det som naturleg at forhold til barn og unge verta omtala i desse utgreiingane, og at barn og unge ikkje er eige KU-tema i planarbeidet.

Teke til orientering og følgje. I planprogrammet finn ein: ... *skal planforslaget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsoneforvaltning vurderast. Dette gjeld vurderingar opp mot m.a. Statlege planretningslinjer og Regional kystsonoplan.*

Teke til orientering og følgje. Planprogrammet stadfester at forhold til massehandtering vil verta utgreidd som del av planarbeidet. Naturmangfald og friluftsliv er KU-tema der forhold knytt til utfylling vil verta utgreia. Det skal takast prøvar av sjøbotn som eit ledd i risikovurdering for

	<p>friluftsliv i sjø og allmenne interesser i samband med utfylling av massar i sjøområdet. Dersom det blir nytta massar med plastrestar etter sprengstoff, så må det gjerast greie for korleis ein skal handtere faren for plastforureining i sjø.</p> <p>Konsekvensutgreiinga må gjere greie for verknaden av planen for vassmiljøkvaliteten i sjøområdet. SFVL viser til at vassforskrifta § 12 skal vurderast ved enkeltvedtak, dersom ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan medføre at miljømåla etter vassforskrifta ikkje blir nådd eller at tilstanden i vassførekomsten vert forringa. Vidare viser SFVL til at det gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa naturmangfaldlova §§ 8-12. Ei vurdering av verknader for naturmangfaldet skal gå fram av det endelege vedtaket i saka.</p> <p>Planarbeidet skal mellom anna leggje til rette for landbasert oppdrett. Det må gjerast greie for bruken av vatn, vassforsyning, avlaup, og verknader for naturmiljø i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap. Visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv vert ein viktig del av arbeidet. Omfanget og konsekvensar av terrenginngrep må skildrast. Det må gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering av korleis tiltaket vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg og teknisk infrastruktur må skildrast nærare. Dersom det er aktuelt med intern veg i planområdet må det gjerast greie for omfang og plassering av tiltaket i forslag til plan og føresegner.</p> <p>SFVL viser til at det er overflatedyrka jord innanfor planområdet, at det er uheldig å bygge ned dyrka mark og nasjonale jordvernstrategien sett mål om maksimal årleg omdisponering av dyrka mark på 2000 da. Det er avgjerande at det ikkje vert omdisponert dyrka mark gjennom arealplanlegginga, anna enn i særskilde høve. Det nasjonale jordvernmålet er ambisiøst og tilseier at ein har ei særskild restriktiv haldning til å bygge ned matjord. Rundskriv M-1/2025 frå Landbruks- og matdepartementet gjer greie for nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern, og klargjer motsegnspraksisen knytt til nedbygging av dyrka</p>	<p>utfylling i sjø. Det vil verta sett krav i føresegnene til vurdering av søknad etter forureiningslova for fylling i sjø.</p> <p>Teke til orientering og følgje. Naturmangfald og vassmiljø er KU-tema i planprogrammet. Vassforskrifta §12 og naturmangfaldslova §§ 8-12 skal inkluderast i utgreiinga.</p> <p>Teke til orientering og dels følgje. Forholdet til avløp og verknadar for naturmiljø skal utgreiast i planarbeidet. Forholdet til bruk av vatn og vassforsyning vil verta avklara i NVE søknad som er i prosess. Me meiner at forholdet til utgreiingar til dette skal følgje den prosessen.</p> <p>Teke til orientering og følgje. Planen sitt mål er å regulere for næring. Ein vil søke å balansere mellom behov som planlagd næringsverksemd krev og verknad for nær-området/landskap. Landskap er KU-tema i planprogrammet. Planlagde tiltak skal modellerast i 3D og visualiseringar skal leggjast fram som del av plansaka.</p> <p>Teke til orientering. I planprogrammet er det lagt fram 2 alternativ – ein som medfører omdisponering av dyrka mark og ein som ikkje gjer det.</p>
--	--	--

	<p>mark.</p> <p>Prinsippet om universell utforming skal takast omsyn til i planlegginga og i krav til byggjetiltak. Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til universell utforming er ivaretatt der dette er relevant.</p> <p><u>ROS-analyse</u></p> <p>Verknader som følgje av klimaendringar og handtering av overvatn må gjerast greie for i planarbeidet. Ei vurdering av energibruken i eit større industrielt anlegg må også gjerast greie for. I samband med utarbeiding av planar må det også takast omsyn til karbonrike areal. Det er m.a. skog av sær høg bonitet innanfor planområdet. Jmfør <i>Statlege planretningslinjer for klima og energi</i> skal reduksjon av klimagassutslepp vektleggast i arealplanlegginga.</p> <p>Det er krav om ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit, m.a. gjennom bruk av omsynssoner i plankartet med tilhøyrande krav i planføresegnene. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har betydning for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Landareala er til dømes ein del av faresone H390 (fare for skred, kvikkleire). Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunnkje dette valet.</p> <p><u>Medverknad</u></p> <p>SFVL viser til at alle som fremjar eit planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet. SFVL føreset at det vert henta inn synspunkt og råd frå ungdomsråd, elderåd og råd for personar med funksjonsnedsetjing i samband med planarbeidet.</p> <p>Kommunen kan på bakgrunn av høyringa og eigne vurderingar, ta stilling til om KU oppfyller krava etter konsekvensutgreiingsforskrifta kap. 5, eller om det er behov for tilleggsutgreiingar eller ytterlegare dokumentasjon.</p>	<p>Teke til følgje. Planprogrammet er oppdatert og omtalar universell utforming.</p> <p>Teke til orientering og følgje. Det skal utarbeidast ROS-analyse i planarbeidet, klimagassberekning etter mal i M-1941 (ikkje KU-tema), og energibruk skal omtalast som del av planskildringa. Planprogrammet stadfester at: <i>Områdestabilitet skal vurderast i ROS-analysen der reell fare for områdeskred skal vere avklart før høyring av planforslaget. Sentrale tema i ROS-analysen vil vera tilhøve for trafikk/trafikktryggleik (ref. KU-tema også), støy frå industri (ref. KU-tema), samlokalisering (ref. kapitel 7.4), auka vasstand og grunntilhøve.</i> Eventuelle funn i analysen skal implementerast i plankart/føresegner.</p> <p>Teke til orientering og følgje. Planprogrammet er oppdatert med omsyn til medverknad som skal gjennomførast i planprosessen (kap. 5.3).</p>
<p><b>Vestland fylkeskommune, næring, plan og innovasjon (VLFK) 11.06.2025</b></p>	<p>VLFK peiker på at følgjande Regionale planar er særleg viktige for denne planen: Regional plan for klima 2022-2035, Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Planane har mål og retningslinjer som må leggast til grunn for plan-</p>	<p>Teke til orientering og følgje. Desse planane er omtala i planprogrammet som regionale føringar/rammar.</p>

	<p>arbeidet, og VLFK ber om desse planane vert teke med som ein del av kunnskapsgrunnlaget og at det vert synleggjort i planomtalen korleis dei regionale føringane verkar inn på planen.</p> <p>VLFK skriv at dei finn at forslag til tema som blir handsama i KU dekkjer i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for. VLFK minner om at for tema det ikkje vert utarbeidd KU for, skal verknadane av planen gå fram av planomtalen.</p> <p>VLFK peiker på at alle som fremjar planforslag skal legge til rette for medverknad. Dei gruppene som ikkje er i stand til å delta direkte skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. I det vidare planarbeidet er det viktig at forslagsstillar synleggjer korleis innspel som har kome fram gjennom medverknadsprosessen er vurdert og tatt stilling til.</p> <p>I nasjonal og regional politikk er det eit auka fokus på jordvern og klima- og naturkrise. Regional plan for klima har mål om å redusere klimagassutslepp, skape eit trygt og robust fylke, sikre naturmangfald som er viktig for å redusere klimarisiko og vere ein pådrivar for rettferdig klimaomstilling. Regionalplan inneheld retningslinjer for planlegging som skal leggast til grunn for planlegging i kommunane. Klimaendringar vil føre til ei auke i nedbør og overvann mange stadar, samtidig som at utbygging ofte fører til fleire tette og harde flater. Naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med opne vassveggar, kan bidra til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap.</p> <p>Det er gjennomført kartlegging og verdivurdering av landskapet i Hordaland. Planområdet ligg i landskapstypen småfjord- og storsundlandskap med middels verdi. All utbygging har verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Planlegginga må sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Det vil vere positivt å vise realistiske illustrasjonar i høve til perspektiv og skala. Visuelle illustrasjonar bør visast frå perspektiv der menneske ferdast. Landskapsverknader kan også illustrerast godt og bør følgje planforslaget.</p> <p>Innanfor 100-metersbeltet skal det takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette er uavhengig</p>	<p>Teke til orientering.</p> <p>Teke til orientering og følgje. Planprogrammet er oppdatert med omsyn til medverknad som skal gjennomførast i planprosessen (kap. 5.3).</p> <p>Teke til orientering og følgje. Det skal utarbeidast klimagassberekning etter mal i M-1941 (ikkje KU-tema), VA-rammeplan skal omtale forhold til overvasshandtering og energibruk skal omtalast som del av planskildringa. I planprogrammet er det lagt fram 2 alternativ – ein som medfører omdisponering av dyrka mark og ein som ikkje gjer det.</p> <p>Teke til orientering og følgje. Planen sitt mål er å regulere for næring. Ein vil søke å balansere mellom behov som planlagd næringsverksemd krev og verknad for nær-området/landskap. Å vurdere alternative løysingar for plassering av næringsareal, høgder etc. vil vera del av planarbeidet. Landskap er KU-tema i planprogrammet. Planlagde tiltak skal modellerast i 3D og visualiseringar skal leggjast fram som del av plansaka.</p> <p>Teke til orientering og dels følgje. Planen sitt mål er å regulere for næring, m.a. sjøtilknytt</p>
--	--	---

av om arealet er avsett til føremåla i KPA. VLFK ber kommunen vere merksam på at tilgangen til strandsona også gjeld frå sjøsida. Den regionale kystsoneplanen har mål om at strandsona skal ivaretaast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. VLFK viser til digital strandsonerettleiar og minner om at reguleringsplanen må vise byggegrense mot sjø dersom planen opnar for gjennomføring av byggetiltak. Byggegrense mot sjø bør trekkast så langt vekk frå sjølinja som mogleg, og byggegrenser for eksisterande tiltak bør ligge tett kring det fysiske tiltaket, og ikkje i føremålgrense eller tomtегrenser. VLFK ber om at planframlegget vil avgrense vidare utbygging i strandsona.

I alle forslag til reguleringsplanar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomst i eller i tilknytning til planområdet. Vann-nett gjev viktig grunnlagsdata for alle reguleringsplanar. Gode verktøy for å ta i vare vassmiljø er omsynssoener i plankartet, føresegner og retningslinjer.

VLFK ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. VLFK har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi innanfor planområdet. Det er eit forholdsvis stort planområde og delar av arealet ligg i ei slik høgde over havet at det kan vere potensial for nye funn, då spesielt frå steinbrukande tid. VLFK vil difor gjennomføre ei synfaring før dei kan gje fråsegn til planen. Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

VLFK uttalar seg som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar. VLFK har generelle innspel til planarbeidet, viser til handbok N100 og at ev. fråvik frå N100 skal vera godkjent av vegeigar før planen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring, samt at tekniske teikningar skal sendast til vegeigar før offentleg ettersyn. Spesifikke innspel til planarbeidet er:

- Legg til grunn at verknadane planløyseringar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-

næring. Planen vil legge til rette for utvikling i den nære strandsona, særleg i områda som allereie er planert og nytta til næring med bakgrunn i prinsippet om å utnytte gråareal heller å ta i bruk urørt strandsona. Ein vil søke å balansere mellom behov som planlagd næringsverksemd krev og verknad for nærområdet/strandsona. Vurdering av ulike løysingar for plassering av næringsareal, behov for kaiområde etc. vil vera del av planarbeidet. Det skal setjast byggegrense i plankart og føresegner.


Teke til orientering og følgje. Naturmangfald og vassmiljø er KU-tema i planprogrammet. Det skal vurderast behov for tiltak i plankart og føresegner.

Teke til orientering og følgje. Kulturminne er ikkje KU-tema, men skal omtalast i plan-skildringa. Dersom VLFK finn kulturminne på synfaringa si vil kulturminne implementerast som KU-tema ihht. rettleiar M-1941.

Teke til orientering og følgje. Planprogrammet sei følgjande: *Konsekvens for trafikktryggleik, barn og unge (skuleveg), mjuke trafikantar (fortau), tilgjenge og kryssløyseringar, trafikkmonster, kollektivdekning, byggegrense mot veg, parkering, og konsekvensar for fylkesvegnettet, samt vegtrafikk i samband med bygg- og*

	<p>analysen og ev. KU.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskildringa, ROS-analysen og KU.</li> <li>• Behov for rekkefølgekrav</li> <li>• Særlege forhold med tanke på trafikktryggleik</li> <li>• Parkeringsdekning og – behov</li> <li>• Trafikkanalyse</li> <li>• Vurdere eigarforhold (t.d. i forhold til bygging av fortau, gs-veg osv.)</li> <li>• Konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet</li> <li>• Det kan verte behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkefølgekrav om tiltak på fylkesveg.</li> </ul> <p>VLFK peiker på at det er uheldig med auka tungtransport forbi skuleområdet og langs borna sin skuleveg. Større køyretøy har m.a. store blindsoner og lenger bremselengde, samtidig som barn er dårlegare rusta til å gjere gode vurderingar i trafikken. Planprosjektet må gjere ei grundig analyse av forventede auka trafikkmengd på fylkesvegen gjennom tettstaden Ølve, og auka tungtransport forbi skuleområdet. Dei trafikale forholda langs vegstrekninga gjennom Ølve må bli kartlagt og vurdert. Det vil i den vidare planprosessen bli gjort vurderingar av kor mykje auka tungtransport ein kan opne opp for forbi skuleområdet, og ein må forvente at det vil bli stilt krav til trafikktryggleikstiltak utanfor planområdet.</p>	<p><i>anleggsfase skal utgreiast. Det skal utarbeidast tekniske vegteikningar.</i></p> <p>Planarbeidet må sjå på avbøtande tiltak og vurdere rekkefølgekrav til opparbeiding av samferdselsanlegg. Kva tiltak slikt krav vert sett til er avhengig av m.a. dialog med Kvinnherad kommune og VLFK som er vegeigarar, samt konsekvensutgreiinga. Som det står i planprogrammet, vil ein som del av planlegginga ta initiativ til møte med VLFK og Kvinnherad kommune om m.a. vegtilkomst og trafikktryggleik.</p>
--	---	---

### Privat personar/lag/organisasjonar


Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Laila og Kåre Revne 02.05.2025	<p>Dei ber om å bli haldne utanfor planområdet til reguleringsplanen. Dette gjeld gnr. 12 bnr. 57 og 58.</p> 	<p>Ein er oppe for å ta ut eigedomen dersom kommunen ønskjer det, men som utgangspunkt er det ønskeleg at eigedomen framleis er del av planområdet med grunnlag i plantekniske forhold. Dette er grunna i samanhengande planområde utan hol, samt at ny plan skal erstatte deler av reguleringsplan for del av Ølve, gnr. 12 (197800012) og at det ikkje er ønskeleg at av denne skal gjelde i delområde som ikkje heng saman med resten av planen. Dersom kommunen ønskjer å halde på plangrensa som er varsla gir ikkje merkna den grunnlag for å endre planprogrammet.</p> <p>I planprogrammet står det om eigedomen at: <i>Det er</i></p>

		<p><i>planlagt å vidareføre eigedomen som bustadføremål i reguleringsplanen. For å skjerme den frå ny næringsverksemd er nærmaste areal planlagt regulert som vegetasjonsskjerm. Reguleringsplanen skal sikre vegtilkomst til eigedomen, enten dagens situasjon eller ny løysing.</i></p> <p>Ein ønskjer å regulere eigedomen etter ønskje frå grunneigar, og/eller i tråd med føringar i gjeldande reguleringsplan. Ein vil i planarbeidet ha møte med grunneigarane for å sikre dialog.</p>
Ølve Industrier 21.05.2025	Ølve Industrier gjer oss oppmerksom på at Gnr. 12 Bnr. 39, Bnr.45 og Bnr. 141 er eigd av Kronviken A/S. Ølve Industrier A/S leigar grunnen med bygningar hos Kronviken A/S. Det er bedd om at dette vert retta opp i.	Merknaden er teke til følge og planprogrammet er oppdatert.
Bjørn Fjeldstad 26.05.2025	<p>Fjeldstad meiner det er viktig at landskap og strandsone vert teke omsyn til. Han ber om at bygg som går utover dagens krav til byggehøgder vert lagt mest mogleg vekk frå strandsona og opp mot fylkesvegen. Dette for at fjernverknaden av store bygg vert minst mogleg for bebuarar i Ølvesvågen. Bygg på 6-7 etasjar (20m) vil ha eit stort inntrykk i området og han peiker på at verknadar må illustrerast i 3D på nær- og fjernverknad.</p> <p>Fjelstad peiker på trafikksituasjonen, og med hans kjennskap til området er det skjedd fleire ulykke enn det som finst i offentlege databasar. Det er vanskeleg for to bilar å passere kvarandre på store deler av strekninga mellom Ølve og Hatlestrand. Aust for plangrensa fram til Myra/Skarvatun er det mange avkjøringar med dårleg sikt. Han viser til kommuneplan for trafikktrygging 2021-28 der dette også er skildra. Langs dette delstrekket er det ikkje breidde for passering av bil-lastebil, noko som medfører trafikale utfordringar. Han viser også til at det er etablert campingplass og bubilpark lengre aust i Ølve, og dette har medført fleire gåande/syklistar langs fylkesvegen. Dette krav auka tiltak for å auke tryggleiken. Det er difor ønskeleg at fartsgrensa vert satt ned til 50 km/t i planområdet og</p>	<p>Merknaden er teke til orientering og følge.</p> <p>Med omsyn til høgde på tiltak vil ein søke å balansere mellom behov som planlagt næringsverksemd krev og verknad for nærområdet. Å vurdere alternative løysingar for plassering av næringsareal, høgder etc. vil vera del av planarbeidet. Landskap og strandsone er tema for konsekvensutgreiing, der visuell verknad av tiltaka planen opnar for skal skildrast og synast i 3D. Merknaden gir ikkje grunnlag for å endre planprogrammet.</p> <p>Kryssløysinga til Skarvatun er detaljregulert, men ikkje bygd i tråd med plan (20170004). Hovudføremålet med denne reguleringsplanen var å regulere vegkryss mellom Skarvatunvegen og Fv 49, men det er ikkje sett rekkefølgjekrav til opparbeidinga av vegkrysset. Trafikksituasjon og konsekvensar av anlegg- og driftsfase er tema for konsekvensutgreiinga for planarbeidet til Ølve industribase. Forhold til trafikksituasjon utanfor planområdet vil også verta omtala. Ein vil som del av planarbeidet vurdere rekkefølgjekrav til opparbeiding av samferdselsanlegg. Kva tiltak slikt krav vert sett til er avhengig av m.a. dialog med Kvinnherad kommune og</p>

	fram til avkøyring til Myra/Skarvatun.	Vestland fylkeskommune som er vegeigarar, samt konsekvensutgreiinga. Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i planprogrammet.
Stiegler Advokatfirma på vegne av Arild Lyhammer 28.05.2025	Merknaden gjer oss oppmerksom på at våningshuset på eigedomen gnr. 12/10 ikkje vert nytta som fritidsbustad som det er oppført i matrikkelen, og at eigedomen er ein gamal landbrukseigedom der våningshuset i dag vert nytta som bustadhus. Det er ikkje drive aktivt landbruk her i dag, men areal vert halde i hevd og marka vert slått. Eigedomen har vore landbrukseigedom tilbake til 1700-/1800-talet.	Merknaden er teke til følgje og planprogrammet er oppdatert med omsyn til omtale av faktisk bruk av våningshuset. Forholdet til feil i matrikkelen er ikkje noko planarbeidet vil løyse, og er noko grunneigar må praktisk ordne opp i med Kvinnherad kommune.
Ølve Bygdalag 09.06.2025	<p>Bygdalaget ønskjer å støtte utvikling av næringsverksemd i Ølve og å vera ein konstruktiv medspelar i prosessen og medverke til at utviklinga skjer i god dialog med lokalsamfunnet. Dei ser positivt på planane om vidare utviklinga av Ølve Industribase då dette kan medverke til auka sysselsetting og fleire arbeidsplassar i bygda, styrking av lokalsamfunnet og tilflytting, samt vidareutvikling av Ølve som ein attraktiv stad å bu og arbeide. Samstundes peiker dei på at det bør leggjast stor vekt på å få i gang ny aktivitet i eksisterande fabrikkbygg, då dette er viktig for å møte dagens utfordringar knytt til arbeidskraft og folketalsutvikling. Ei rask oppstart av drift vil kunne gi positive effektar på kort sikt.</p> <p>Bygdalaget ønskjer fokus på trafikktryggleik og gangveg langs fylkesvegen, med omsyn til auka trafikk langs fylkesvegen. Dei ber om at det vert vurdert etablering av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, sikring av trygg kryssløysing og fartsdempande tiltak, samt betre tilkomst for brannstasjon og utrykkingskøyretøy. Bygdalaget er også bekymra for at anleggsarbeid som vil skje over lengre tid kan føre til stenging av veg, utrygg ferdsel og forseinkingar for skulebarn, kollektivtrafikk og lokal ferdsel m.m.. Dei ber om at evt. stenging av veg vert tidsavgrensa til eit minimum og utanfor rushtid, ved skulestart og planlagde bussreiser, samt vert varsla i god tid til bygda og skulen.</p>	<p>Merknaden er teke til orientering og følgje. Ein er positiv til dialog og prosess med bygdalaget, og dette vil ein legge til rette for i planprosessen vidare. Tiltakshavar sitt ønske samsvarar godt med bygdalaget sitt syn og ønske om aktivitet, samstundes er reguleringsplanar si rolle å arealmessig gi grunnlag og rammar for næringsdrift og aktivitet. Planarbeidet vil legge til rette for og grunnlaget for både vidare og ny bruk av eksisterande og nye bygg, men faktisk bruk og aktivitet er ikkje noko reguleringsplanen styrar. Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i planprogrammet.</p> <p>Trafikksituasjon og konsekvensar av anlegg- og drifts-fase er tema for konsekvensutgreiinga. I godkjent reguleringsplan (197800012) er det regulert gang- og sykkelveg på nordsida av fylkesvegen i heile planområdet. Gang- og sykkelvegen er berre bygd på kortare strekk ved skuleområdet og kryssløysinga til næringsområdet er ikkje opparbeidd i tråd med planen. Planprogrammet viser til at planarbeid skal regulere kryssløysingane til fylkesvegen ihht. dagens standard /handbok N100, samt sjå på tiltak langs fylkesvegen som kantstopp for buss og fortau. Ein vil som del av planarbeidet vurdere rekkefølgekrav til opparbeiding av samferdselsanlegg. Kva tiltak slikt krav vert sett til er avhengig av m.a. dialog med Kvinnherad kommune og</p>

	<p>Bygdalaget viser til mogleg samarbeid om bruk av overskotsmassar til lokale prosjekt som m.a. ny molo/båthamn, idrettsbanen og sykkelpark. Dei ber om dialog for å vurdere dette vidare.</p> <p>Bygdalaget ber om at friluftsliv og tilgang til vatn og elv vert teke omsyn til. Her under unngå unødvendig nedtapping av Kvitebergsvatnet, endre tilgang til vatnet og Hytteelva, ikkje vesentleg hindre ferdsel å sjø, og at det vert vurdert tiltak for å skjerme nærliggjande bustadar og skule mot støy og visuell verknad.</p> <p>Ølve Bygdelag ønskjer ein god og open dialog med tiltakshavar gjennom heile planprosessen. Dei stiller gjerne til eit informasjonsmøte, som dei viser til vil verta sett pris på av innbyggjarane, og medverke til betre forståing og forankring av planane i lokalsamfunnet. Bygdalaget ber om at naboar og andre som har innvendingar mot dei føreliggjande planane, vert lytta til og at mogelege konflikhtar vert løyst til beste for bygdefolket. Dei ber også om å bli orientert om planprosessen undervegs og invitert til relevante møte og høyringar.</p>	<p>Vestland fylkeskommune som er vegeigarar, samt konsekvensutgreiinga. Føringar for anleggsperiode vil verta omtala på eit overordna nivå, då detaljar må takst som del av detaljprosjektering og byggeplan. Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i planprogrammet.</p> <p>Det skal utarbeidast masseberekning som del av planarbeidet. Planen vil truleg medføre eit masseoverskot. Planprogrammet viser til at ein vil i størst mogleg grad vil søke å nytte massane internt i planområdet, og overskot vil verta frakta ut av området og nyttast til samfunnsnyttige tiltak. Tiltakshavar er positiv til dialog med bygdalaget om bruk av overskotsmassar. Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i planprogrammet.</p> <p>Forhold til friluftsliv og ferdsel på sjø skal konsekvensutgreiast. Nedtapping av Kvitebergsvatnet vert avklart i søknad om vassuttak til NVE, og ikkje i plansaka. Det skal gjennomførast støyvurderingar og utarbeidast illustrasjonar for å synleggjere visuell verknad. Ein vil regulere avbøtande tiltak som t.d. vegetasjonsskjerm, krav til maksimal høgde på bygg, støykrav etc. Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i planprogrammet.</p> <p>Ein er positiv til dialog og prosess med bygdalaget, samt gjennomføre informasjonsmøte. Dette vil ein legge til rette for i planprosessen vidare. Planprogrammet er oppdatert med omsyn til medverknad som skal gjennomførast i planprosessen (kap. 5.3).</p>
--	---	---

<p>Tufteheia Hyttefelt 10.06.2025</p>	<p>Dette er eit hyttefelt med 6 hytter og 10 hyttetomtar som har direkte utsikt til planområdet (avstand ca. 600-800m). Dei viser til at planarbeidet og næring er positivt for bygda og har følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Produksjon på 30.000 tonn per år er stort. Det må vurderast om det er berekraftig å plassere eit slikt stort anlegg så tett på hytter og bustadar. Dei er oppteke av at utviklinga ikkje skjer på bekostning av natur, trivsel og bumiljø.</li> <li>- Dei er bekymra for at tiltaka vil forringe deira utsikt med eit så stort inngrep i naturen med høge skjeringar og bygg/tankar opptil 20-30m høgde. Dei ber om at det vert sett krav til fasade på bygg og høgder slik at tiltaka glir naturleg inn i landskapet, og at anlegget ikkje framstår som dominerande eller skjemmande. Slik dei ser det vil utbygginga ha ein negativ påverknad på verdien på hyttene, og jo meir omfattande planering og fylling i sjø dess større vil påverknaden vera.</li> <li>- Dei ønskjer at det vert ståande igjen ein urørt buffer mellom næringsområde og sjøen. Slik som det urørte området mellom planert område ved Ølve industrier og sjøen.</li> <li>- Dei viser til at sjøområda vert nytta til fiske og hummarfiske, og det kan sjå ut som det skal fyllast massar i desse områda.</li> <li>- Det er trangt farvatn, og det er ein terskelfjord. Planane vil vera belastande for miljøet i Hyttevågen, samt hindre båttrafikk.</li> <li>- Dei ønskjer at det vert sett føringar i planen om at anleggsarbeid vert planlagd slik at området ikkje vert ståande som eit uferdig byggeplass over lang tid, og at det vert utforma ein tydeleg plan for gjennomføring.</li> </ul>	<p>Merknaden er teke til orientering og følgje.</p> <p>Store deler av planområdet er avsett til næring i gjeldande kommuneplan, og i kommuneplan som har vore på høyring. Kommunen har såleis gitt signal om at dei ønskjer næringsutvikling i planområdet. Ein har i planprogrammet vist til at tiltakshavar sitt ønske for området er å utvikle areala i industribasen til ein kombinasjon av smoltproduksjon og annan maritim verksemd på området samla sett.. Realisering av landbasert oppdrett er avhengig av løyve frå andre mynde i tillegg til plan- og bygningslova. Ein ønskjer difor ein fleksibel plan der smoltproduksjon kan vera ei mogleg utnytting av arealet. Konsekvensutgreiing for naturmangfald og vassmiljø vil sjå på verknad av evt. smoltproduksjon, samt verknad av fylling i sjø. Med omsyn til høgde på tiltak vil ein søke å balansere mellom behov som planlagd næringsverksemd krev og verknad for nærområdet. Å vurdere alternative løysingar for plassering av næringsareal, grøn buffer mot sjø, høgder etc. vil vera del av planarbeidet. Landskap er tema for konsekvensutgreiing, der visuell verknad av tiltaka planen opnar for skal skildrast og synast i 3D. Det skal utarbeidast overordna massehandteringsplan der ein m.a. skal vurdere samanhengar mellom uttak av og plassering av massar. Det vil verta vurdert om det skal setjast rekkefølgjekrav til byggetrinn for å hindre unødvendig terrengingrep.</p>
---	---	--



Gjert-Egil Fjelldal  
10.06.2025

Fjelldal har ein grundig uttale der hovudpunkt og moment er gjengitt her. For detaljar, sjå uttalen.

Fjelldal meiner at konsekvensutgreiinga (KU) må inkludere forhold til vassuttaket, Hytteelva og Kvitebergsvatnet med tilgrensande eigedomar, dette fordi det skal byggjast eit smoltanlegg med tilføring av ferskvatn frå og nedtapping av Kvitebergvatnet. Han viser til at det parallelt med planarbeidet er søkt NVE om konsesjon for nedtapping av Kvitebergsvatnet, der det ikkje er opplyst at Kvitebergsvatnet bør konsekvensutgreiast. Og at dette er problematisk då verknadane for Kvitebergsvatnet verken vert utgreia i plansaka eller NVE søknaden. Det er også vist til at det er lagt fram unøyaktige opplysningar i både plansaka og NVE-saka.

Fjelldal viser til hovedregelen i pbl. § 4-2 annet ledd - planer som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn skal konsekvensutredes. Og at følgjande forhold viser at reguleringsplanen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn for Kvitebergsvatnet, Hytteelven og rørgate på sjøbotn til Hyttevågen:

- Av KU-forskriftens § 21 annet ledd fremgår «*Beskrivelsen skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige virkninger.*»
- Av KMD sin Veileder om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven, punkt 4.2, fremgår: *I arbeidet med konsekvensutredningen må man systematisk gå igjennom og identifisere den kunnskapen som foreligger om forhold som kan*

Det er ingen tvil om at tiltaka ein ønskjer å gjennomføre innanfor Ølve industribase krev reguleringsplan og at planframlegget skal konsekvensutgreiast ihht. konsekvensforskrifta. Kravet til KU er basert på at planen er omfatta av § 6b) (*samla vil verta regulert for næringsbygg med over 15.000 m<sup>2</sup> bruksareal, BRA (vedlegg I pkt. 24)*). I tillegg til dette kan planen potensielt ha vesentlege verknadar for ferdsel på sjø, naturmangfald på land og i sjø, friluftsliv, strandsone og potensiell forureining, jf. §10. Dette er omtala i planprogrammet, og korrigert ifht. planinitiativet etter uttalar frå Fjelldal. Kommunen sine tilbakemeldingar til Fjelldal sine uttalar før varsel om oppstart og høyring av planprogrammet må kommunen svare opp.

Ein har forståing for Fjelldal si bekymring for verknad av vassuttaket for Kvitebergsvatnet og Hytteelva, og hans ønske om at konsekvensane av vassuttaket vert utgreia. Konsekvensforskrifta gjeld «alle type tiltak» og er ikkje berre for plan- og bygningslova. Forskrifta gir ansvarleg mynde heimel til å sette krav til konsekvensutgreiing også for t.d. søknadar knytt til uttak av vatn (vasskonsesjon), og søknadar etter akvakulturlova (lokalitetssøknad med tilhøyrande produksjon (MTB)).

*bli berørt. Dersom det er noe som tyder på at det mangler kunnskap om viktige forhold, må ny kunnskap innhentes. Konsekvensutredningen skal beskrive de elementene som kan bli påvirket av tiltaket, og vurdere hvorvidt tiltaket vil medføre vesentlige virkninger for miljø og samfunn.*

Basert på dette meiner Fjelldal at plansaka må inkludere KU for Kvitebergsvatnet og Hytteelva, fordi forskrift og rettleiing sei at «*alle rimelig tenkbare virkninger, direkte og indirekte skal vurderes. Og at disse, i den grad de er vesentlige, skal konsekvensutredes*».

Fjelldal viser til planprogrammet som skildrar grensegang mellom plansaka og m.a. vassuttak og konsesjon, og kvifor planarbeidet ikkje vil utgreie forholdet til vassuttaket og verknadane for Kvitebergsvatnet og Hytteelva. Han saknar ein juridisk grunnjevna for kvifor utgreiing av Kvitebergsvatnet og Hytteelva ikkje er del av plansaka, og krev ei klargjering av dette.

I planprogrammet står det at plansaka ikkje kjem under KU-forskrifta §7a eller b. Fjelldal synes avgrensinga er noko uklar og ber om at det vert klargjort når og kva tid i prosessen §7 kjem til anvending.

Det vert vist til planinitiativet og planprogrammet ang. sjøleidning for ferskvassinntak frå Hyttevågen til planområdet. Fjelldal ber om at det vert klargjort kva som vert meint med «tilførselsleidning for ferskvatn» / «sjøleidningar» og kor desse skal leggast. Og dersom det vert søkt om regulering for rørgate til Hyttevågen må planområdet utvidast til å inkludere rørgata og forholdet til fagmynde, høyring og løyve må klargjerast. Dersom det ikkje vert søkt om slik regulering må det likevel gjerast klart når dispensasjon frå arealplanen for rørgate vil verta søkt om, samt kor mykje av leidningsnett det vert søkt om i reguleringsplanen.

Fjelldal viser til at det ikkje er tydeleg kva teknologi som vil verta nytta i anlegget i planområdet. Han ber om at det må verta gjort klart kva teknologi som er blitt vurdert for vassreinsing, kva som er valt og ei grunnjevning av dette. Særleg må det leggast vekt på moglegheit

Me meiner at forholdet til konsekvensforskrifta og krav til utgreiingar skal følgje NVE-søknaden, då det er i denne prosessen ein søker konkret om tiltak og dermed kan gjennomføre ei grundig utgreiing av verknadane. Det er på bakgrunn av dette ein har vurdert at forholdet til vassuttaket ikkje er del av plansaka. I plansaka skal m.a. naturmangfald, vassmiljø, friluftsliv/strandsone, landskap og naturressursar (jordbruk) konsekvensutgreiast.

Eit planarbeid som utløyser konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta skal gjennomførast uavhengig av kva paragraf i forskrifta som utløyser kravet. I denne saka utløyser kravet KU-forskrifta § 6b. Og såleis er vurdering etter §7 og 10 strengt tatt ikkje nødvendig.

Ein er tidleg i planarbeidet, og det er berre oppstart og planprogrammet som er utarbeida. Plassering av sjøvassleidningar (vassinntak og utslepp), er ikkje avklara enda, men vil verta det som del av planframlegget med plankart og føresegnar, samt planomtale, KU og ROS-analyse. Det er vurdert at heile sjøområdet for leidningar ikkje treng å vera del av planområdet, fordi gjeldande kommuneplan (2018) opnar for slike tiltak i føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag som m.a. sjøområde i Hyttevågen er avsett til (ref. KPA føresegn § 8.2.4)

Ein er tidleg i planarbeidet, og det er berre oppstart og planprogrammet som er utarbeida. Korleis planområdet vert utforma, m.a. plassering av bygg, og type teknologi som eit ev. landbasert oppdrettsanlegg vil ha, er ikkje

for å nytte teknologi som eliminerer behov for inngrep utanfor planområdet og grunnjevast kvifor ei slik løysing ikkje er valt.

Fjelldal peiker på forhold rundt Kvitebergsvatnet og Hytteelva som kan verta vesentleg påverka. Og peiker på at nedtapping av vatnet med 1,6 meter vil ha vesentleg verknad for kulturminne, menneske, flora og fauna.

- Biologisk mangfald er ikkje blitt kartlagt i/ved Kvitebergsvatnet. Det finst blodigle i vatnet som er freda art, samt takrøyr som er sjeldne på Vestlandet. I planprogrammet står det at Kvitebergsvatnet ikkje skal undersøkast og Fjelldal meiner at biologisk mangfald i/kring vatnet må undersøkast i plansaka.
- Ei rekke eigedomar nordvest for vatnet er til handsaming som landskapsvernområde. Dette inkl. gnr. 22/5 som har 400 m strandlinje mot vatnet der det m.a. er eit beskytta/utlignende våtmarksområde nedst i Løftedalen. Dette området vil verta lagt tørt ved nedtapping.
- Området kring Kvitebergsvatnet er blant landets eldste industriområde, heilt tilbake frå 1000-talet til 1900-talet (uttak av baksteheller, gruedrift etter koparkis og svovelkis). Gruvene er lokalitetar i Sunnhordland UNESCO Global Geopark. I tillegg er det fleire eldre gardsbruk med rikt kulturmiljø og lang historie langs vatnet, samt eit klyngetun som vil bli påverka ved nedtapping av vatnet. Hytteelva er også rik kultur og historie (smeltehytte, tilkomst/ utskiping av produkt, gullgruve, sagbruk

avklara enda. Viser til rettleiar for planlegging i sjø 2020 og rundskriv H-6/18 som viser: «*Kommunene kan sette krav om «miljøkvalitet, estetikk, natur og landskap» jf. Pbl. § 11-9 første legg nr. 6. Slik krav skal være overordnet og ikke ha form av konkrete bestemmelser om drift eller teknologiske innretninger på det enkelte akvakulturanlegg*». Dette er likevel informasjon ein vil skildra og omtala som del av planframlegget som eit grunnlag for planlegginga, KU og ROS-analyse. Planprogrammet viser til ulike driftsløysingar som vil kunne ha ulike verknadar. Det er sett i gang undersøkingar for å auke kunnskapsgrunnlaget og resultatet frå desse vil kunne ha innverknad for val av m.a. teknologi og utforming av anlegget.

Dette er teke til orientering og vil verta nytta som eit kunnskapsgrunnlag i plansaka.



	<p>3. Føringer i reguleringsplanen til teknologi som gir at det skal nyttast desalineringsanlegg for produksjon av ferskvatn og krav til at ferskvatn ikkje skal hentast eksternt.</p> <p><i>«Kvinnherad kommune kreves derfor å utvide planområde og/ eller konsekvensutredning til å omfatte Kvitebergsvatnet, Hytteelven og tilgrensende områder, som del av planbehandlingen for Ølve industribase. Subsidiært må det legges føringer i reguleringsplan som sikrer at ferskvann produseres fra desalinert saltvann, og at ferskvann til produksjon ikke hentes fra andre kilder».</i></p>	<p>2. Reguleringsplan og NVE saka er to separate prosessar. Utgreiingar og informasjon utført i samband med NVE søknaden vil verta teke inn i planarbeidet.</p> <p>3. Dette kan vera ein realitet dersom søknadsprosess og undersøkingar avdekkar at det ikkje er aktuelt med vassuttak frå Kvitebergsvatnet. Før undersøkingar og prosessar er gjennomført vil ein ikkje låse seg til dette som eit alternativ.</p>
--	---	--